



UTDANNINGS
FORBUNDET
Hordaland

Utdanningsforbundet Hordaland

Postboks 1818 Nordnes

5816 BERGEN

03.11.2015

Medlemmer av fylkestinget Hordaland

Medlemmer av Opplærings- og helseutvalet

Uttale om Årsbudsjett for 2016/økonomiplan 2016 – 2019 frå Utdanningsforbundet Hordaland

I denne uttalen ynskjer Utdanningsforbundet å greia ut om konsekvensar av kutt i budsjettet for 2016, og å koma med ei sterk oppmoding til fylkestinget om å endra på dette.

Innleiing

«Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbytte og fullføring, slik at elevar og lærlingar kan meistra liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. I 2016 vil vi prioritere tettare oppfølging og styrka samarbeid med kommunane i overgangen frå grunnskulen, samt ha særskild merksemd på dei som nesten har fullført vidaregåande skulegang. Gjennom å leggje til rette for ein framtidretta skulestruktur vil opplæringssektoren arbeide for å sikre eit godt fagtilbod til alle elevar og gje viktige føringar for framtidige investeringar».

Slik opnar fylkesrådmannen den delen av budsjettforslaget som handlar om den vidaregåande skulen. Her er det mange gode poeng. Å gi elevane auka utbytte av læringsarbeidet er ei veldig god

og viktig målsetjing. Å få fleire elevar gjennom den vidaregåande opplæringa er svært viktig, for samfunnet, og ikkje minst for elevane sjølv. Tett oppfølging av elevane i overgangsfasen mellom grunnskulen og den vidaregåande skulen, vil kunna skapa eit betre grunnlag for å lukkast i den vidaregåande skulen, til dømes ved at lærarane tidleg kan leggja til rette for dei ulike elevane.

Økonomi

Utdanningsforbundet Hordaland stiller seg bak desse positive signala frå fylkeskommunen. Men me er litt usikre på om medisinen som er valt er den rette. I dei siste åra har me sett ei uheldig utvikling i skulen. Det byrja med samanslåing av fellesfag på yrkesfag. Der det tidlegare var 15 elevar i klassane, er det no ofte 30. Deretter byrja talet på elevar i klassar på studieførebuande å veksa. Tidlegare var maksimaltalet 27. Tidlegare kunnskapsminister Kristin Clemet fjerna maksimaltalet og det var rektor si vurdering av kva som var pedagogisk forsvarleg som skulle gjelda. Til å byrja med fekk ikkje dette så store utslag på studieførebuande, men i det siste har me altså sett ei uheldig utvikling. I fylket vårt finnest det no klassar med godt over 30 elevar, og det kan no vera naudsynt å innføra eit klassesdelingstal igjen.

Denne utviklinga står i sterk kontrast til målet om auka læringsutbyte og auka gjennomføring. Sjølv om politikarar har valt seg ut det punktet som handlar om klassestorleik, i Hattie si undersøking, så er det ikkje tvil om at dess fleire elevar ein lærar har, dess mindre tid er det til å følgja opp elevane. For elevar på yrkesfag, så kan det vera direkte kritisk å forsvinna i mengda i fellesfaga, som kanskje er dei faga dei slit mest med. Ein lærar i norsk vil kunna møte 30 elevar to gonger i veka, i 45 minutt. Då seier det seg sjølv at å sjå, og følgja opp, kvar einskild elev, vert mest umogeleg. Det same skjer på studieførebuande, sjølv om faren for fråfall kanskje er mindre der. Imidlertid vert det monaleg vanskelegare å auka læringsutbyttet hos dei elevane som går der.

Kva er det som har ført til denne utviklinga? Då må ein sjå på budsjettmodellen. Skulane har inntektene sine frå stykkprisfinansiering av elevar, og direktetilskot. Skulane får ei total budsjetttramme, og innanfor denne ramma kan skulane prioritera slik dei ynskjer.

Utdanningsforbundet Hordaland trur ikkje rektorane har eit spesielt ynske om å slå saman klassar på yrkesfag og gjera klassane størst mogeleg på studieførebuande, så truleg har denne utviklinga med finansieringa å gjera.

I uttalen til budsjett for 2015 peika Utdanningsforbundet Hordaland på at stykkprisen ikkje vart korrigert tilstrekkeleg for tariffoppgeret i 2013. Når lønnsauken er høgare enn justering av

stykkeprisen, så får skulane dårlegare og dårlegare råd. Pengar som ein tidlegare kunne bruka til pedagogisk arbeid, går no til lønn. Dette fordi lønnsutgiftene steig meir enn inntektene til skulen, slik at ein innanfor totalramma måtte finna måtar å kompensera dette på. Det er viktig at ein tek omsyn til dette i komande budsjett.

Variasjon i elevgrunnlag spelar og ei rolle. Skular som ligg sentralt får stor søknad i kraft av at dei ligg sentralt. Dei kan overfylla klassane og på den måten skapa seg betre økonomi. Ved skular som rekrutterer elevar frå nærområdet sitt, er det storleiken på årskull som avgjer skulen sin økonomi. Er det fødd mange elevar eit år kan klassane gjerast store og inntektene blir bra, men er tilgangen på elevar låg, så slår det ut på økonomien. Utgiftssida vert ikkje redusert, med mindre ein kuttar i tilbodet, eller finn andre kreative måtar å spara pengar på. Uansett kva ein landar på, er det vanskeleg å sjå at dette aukar læringsutbyttet og gjennomføringa. Her kan det sjå ut til at finansieringsmodellen ikkje passar til ambisjonane. Elevar som bur utanfor Bergen sentrum skal og ha gode og føreseielege utdanningstilbod.

Utdanningsforbundet Hordaland vil og minna om at det i budsjettet til skulane må leggjast inn ekstra ressursar for lærarar over 60 år, då desse er dyrare enn yngre lærarar, mellom anna på grunn av ekstra ferieveke og redusert leseplikt.

Til slutt i denne delen vil Utdanningsforbundet trekkja fram forslaget om administrativ samanslåing av skulane i Kvam og Arna. Ein planlegg å spara 10,2 millionar på dette og andre strukturelle tiltak. Det har vist seg tidlegare at slike administrative samanslåingar ikkje fører så mykje godt med seg. Det er vanskeleg å administrera ein skule når ein ikkje har nærleik til han. Mellom anna handlar det om skulekultur, pedagogisk kultur, timeplanlegging og andre utfordringar ein ikkje ser når ein føreslår slike samanslåingar. Det ein kan spara på, er at det vert slått saman grupper mellom dei samanslåtte skulane. Dette er uheldig pedagogisk, men ein kreativ måte å spara pengar på. Utdanningsforbundet Hordaland ynskjer ikkje ei slik administrativ samanslåing velkommen.

Det er hevda å vera ein stor overkapasitet på studiespesialiserande i Hordaland. Men så lenge det ikkje finnest eit klassesdelingstal, så er det vanskeleg å talfesta denne overkapasiteten. Med eit klassesdelingstal så kan ein finna den reelle overkapasiteten, slik at det vert lettare for mindre skular å halda oppe tilbodet sitt.

Prosjekt til fordjuping og kvalitet i yrkesfag

Under «Mål og tiltak» kan me lesa om overordna mål og tiltak i 2016. Her kjem det fram at ein vil satsa på yrkesfag, både når det gjeld gjennomføring og når det gjeld å få fleire til å søkja seg til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Det er bra, og det er viktig at ein er ambisiøs på dette feltet. Oppfølging i overgangen mellom skulenivå er viktig her, slik at elevane finn seg raskt til rette og får den oppfølginga dei treng.

Kvalitet i prosjekt til fordjuping (PTF), som er faget som gir elevar opplæring ute i bedrift, er eit anna tiltaksområde. Utdanningsforbundet Hordaland er svært glad for at fylkeskommunen tek tak i dette faget. Det har dei siste åra vist seg at nokre skular brukar dette faget til å spara pengar. Dette gjer dei ved å ikkje gje elvane tilstrekkeleg oppfølging av lærar. Timane som ikkje vert nytta på PTF, vert nytta til å setja lærarane til å undervisa i andre klassar. Dermed må bedriftene ta større del av ansvaret for oppfølging og vurdering av elevane. Dette er svært uheldig, og bedriftene ynskjer ikkje ansvaret skulen etter lovverket har. Nokre elevar handterer ikkje praksisperioden og sluttar i bedrifta. Dei risikerer då å ikkje få tilbod når dei kjem attende til skulen. Fleire bedrifter vegrar seg og for å ta ansvaret for elevane, og peikar på skulen når det gjeld planlegging og vurdering. For dei flinke elevane, dei som uansett kjem til å gjennomføra den vidaregåande skulen, er kanskje ikkje dette eit stort problem. Men for dei som særskilt er i målgruppa til fylkeskommunen, med tanke på gjennomføring, så kan dette vera avgjerande for om dei klarer seg eller ikkje.

Det er vanskeleg å sjå at det er pedagogiske vurderingar som ligg bak denne praksisen. Dette faget er kanskje den viktigaste nøkkelen for at ei utsett elevgruppe skal klara seg gjennom den vidaregåande skulen, og det er verdt å merka seg at 70% av elevane som læreplass får det i den bedrifta dei var utplassert. Utdanningsforbundet Hordaland ynskjer at fylkespolitikarane markerer at full oppfølging av lærarane er viktig for at elevane skal klara seg i dette faget.

Minoritetsspråklege

Som me peika på i fjorårets budsjettuttale, så er det og ei anna gruppe elevar som har ein meiningslaus stor fråfallsprosent. I dag kan ein, gjennom einskildvedtak, søkja om særskilt språkopplæring for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Fristen for å søkja er 1.november. Ville det ikkje vore betre om ein såg på kor mange søknader dei ulike skulane har sendt dei siste åra, og brukt det som eit førehandstal for tildeling av midlar? Då ville det vore lettare for skular å planleggja denne språkopplæringa ved starten av året, slik at ein får kontinuitet i denne undervisninga gjennom heile skuleåret. Framandspråklege treng meir hjelp enn andre elevar, og det vert vanskelegare og

vanskelegare å gi denne hjelpa i dei store klassane me etter kvart ser. Dette systemet ville og redusert byråkratiet rundt denne opplæringa. Dette vil imidlertid krevja at skulane sine budsjett gjev skulane føreseielege rammer å planleggja under, og jobba etter. Underfinansieringa kan altså ikkje halda fram.

Til skulestart hausten 2016 kan fleire skular få flyktningar som elevar. Har desse sendt søknad om opphaldsløyve har dei rett til vidaregåande opplæring, om dei er i den aldersgruppa. Det er vanskeleg å sjå at det er teke høgde for dette i budsjettet. Skal desse klassane finansierast gjennom same budsjettmodellen, eller vil det følgja ekstra midlar med oppretting av nye innføringsklassar? I områda utanfor Bergen, der ein ikkje har opplæringscenter for minoritetsspråklege, vil ein kunna få økonomiske utfordringar dersom desse klassane skal dekkast inn gjennom stykkprissystemet. Får ein ikkje nok elevar i klassane, så går dei i minus og ein må finna pengar andre stader. Dette vil gå ut over anna drift ved skulen.

Læremiddel

For å dekkja inn nedtrekket vil fylkesrådmannen mellom anna trekkja inn 9 millionar kroner frå potten til innkjøp av tradisjonelle læremiddel. Fylkeskommunen ser på dette som «ei naturleg utvikling som følgje av overgang til andre undervisningsformer». Dette er Utdanningsforbundet Hordaland svært kritiske til. Det er svært viktig at lærarane sjølv, etter pedagogiske diskosjonar på eigen skule, får velja læremiddel. Å kutta meir i læremiddelpotten er eit trugsmål mot dette.

Det er verdt å kommentera at det er fylkeskommunane som finansierer Nasjonal digital læringsarena (NDLA). Det som ser ut som eit gratisprodukt for sluttbrukaren, er finansiert ved hjelp av den potten som er tenkt brukt til læremiddel. På side 34 i talbudsjettet, kan me lesa at NDLA får auka overføringane sine med 4,6%, medan potten som vert brukt til gratis læremiddel, vert redusert med over 82,7%. Det kjem ikkje fram om dette gjeld lisensar til nettstader eller om det gjeld tradisjonelle læreverk, men av dette kan me lesa at fylkeskommunen prøver å pressa skulane over til NDLA. Me veit allereie at Det norske Samlaget har selt ut lærebokavdelinga si, då utsiktene til å tena pengar på lærebøker ikkje er gode. I sum fører dette til meir einsretting, og det er eit alvorleg demokratisk problem, og tek frå lærarprofesjonen høvet til å velja læreverk gjennom demokratiske og pedagogiske prosessar, til beste for eleven.

Å grunngi kuttet i «naturleg overgang» til andre undervisningsformer, kjenner ikkje Utdanningsforbundet Hordaland seg att i. Me har kontakt med lærarar ved dei vidaregåande

skulane. Der er det dei færreste som nyttar NDLA til anna enn supplement til tradisjonelle læreverk. Dermed vert det i realiteten ingen innsparing på grunn av «overgang til andre undervisningsformer». Ein oppnår derimot at skulane må nytta seg av utdaterte læreverk.

Mange elevar er og skeptiske til å bruka heildigitale læremiddel, då det gjer det vanskeleg å setja grenser for databruken. Ofte vil det vera godt å kunna lata att dataskjermen, og jobba utan andre hjelpemiddel enn eins eige hovud.

Fråfall og gjennomføring

I sum fører stadig dårlegare rammevilkår til at det vert vanskelegare å følgja opp dei elevane som ligg i faresona for å falla ut av den vidaregåande skulen. Dei som droppar ut veit me vil kosta det offentlege Noreg store summar årleg. Ved å investera litt meir i skulen, så skal det ikkje mykje til før samfunnet sparer store summar, då dei offentlege kronene kjem frå same kjelda. Ein skal ikkje berga gjennom mange elevar før denne rekneskapan går i pluss.

Dei store klassane gjer det vanskelegare å følgja opp einskildelevar. Når ein slår saman klassar på yrkesfag og reduserer timetalet i faget PTF, vanskeleggjer ein læraren sin jobb med å følgja opp elevane, og ein gjer det vanskelegare for elevar som slit å oppleva meistring. Og alle veit at det er gjennom meistringsopplevingar ein får naudsynt motivasjon til å stå på vidare.

Den vidaregåande skulen i Hordaland har over for lang tid vore underfinansiert, og no byrjar me altså å sjå mange uheldige konsekvensar av dette. Det er på tide å snu denne utviklinga!

Anita Knapskog

Leiar Utdanningsforbundet Hordaland

Turid Strømmen

Leiar medlemsråd VGO

Utdanningsforbundet Hordaland